

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

Nr 2 | 2022 | 81. årg

# KYRKJENYTT

## for Vossabygdene



4 BLI KJEND  
MED ANJA

6 MISJONS-  
PROSJEKTET

13 GRØN  
KYRKJELYD

**DÅP,  
KONFIRMASJON,  
BRYLLUP,  
MERKEDAGER OG  
SMÅ OG STORE  
SELSKAP**

T: 56 52 05 00


Asta, Fredrik,  
Signe og Marie  
Fleischer

Kilde: Voss kyrkjeleger fellesråd

### DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keiserne. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

## MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



### Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS  
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

### Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider er 09:00-15:00 alle dagar utanom onsdag, då er opningstida 10:00-15:00. Me er også tilgjengelege både på telefon og e-post, sjølv sagt.

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

E-post: [post.voss@kyrkja.no](mailto:post.voss@kyrkja.no)

Kontonr: 3480.16.45293



Lene Brunborg.

### Prestetenesta:

**Prost i Hardanger og Voss, og fung.**

**sokneprest i Voss** Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post [ah539@kyrkja.no](mailto:ah539@kyrkja.no)

### Sokneprest i Ulvik og Granvin

Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post [mh977@kyrkja.no](mailto:mh977@kyrkja.no)

### Sokneprest i Vinje, Oppheim og

**Raundalen** Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post [rt682@kyrkja.no](mailto:rt682@kyrkja.no)

### Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post [fk796@kyrkja.no](mailto:fk796@kyrkja.no)

### Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post [as794@kyrkja.no](mailto:as794@kyrkja.no)

### Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: [ba735@kyrkja.no](mailto:ba735@kyrkja.no)

### Soknerådsleiarar:

**Evanger:** Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

**Voss:** Bjørg Helland, tlf 938 56 326

**Oppheim:** Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

**Vinje:** Ståle Hirth, tlf 950 81 902

**Raundalen:** Johnny Lemme, tlf 401 82 912

**Granvin:** Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

### Bilete:

Framsida: Ales Maze, unsplash.com.

S 3: Annie Spratt, unsplash.com.

S: 5: Aaron Burden, unsplash.com.

S. 12: Fiona Murray, unsplash.com.



Gravplass i Voss

### Gravplassadministrasjonen i

**Voss herad** har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjeturnet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



**Neste nummer av  
Kyrkjenytt kjem i vike  
20. Frist for melding om  
stoff er torsdag 28. april.**



# Har du ei oppgjort fortid?

Av Kåre Johan Hamre

## Mark 2.10: «...Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder»

Mange hugsar forteljinga i Bibelen om den lamme mannen som vart boren til Jesus. Dei som bar, kom ikkje fram for alt folket. Derfor gjekk dei opp på taket, laga ei opning og firte båra ned til Jesus. Alle i rommet skjøna nok kva dei ville, men Jesus gjorde noko anna først. Då han såg trua deira, sa han: «Son, syndene dine er tilgjevne».

Nokre skriftlærde reagerte kraftig på dette. Dei visste at berre Gud kan tilgje synder. Men Jesus visste kva dei tenkte, og spør: «Kva er lettast å seia til den lame: Syndene dine er tilgjevne eller: Stå opp, ta båra di og gå?» For oss er både delar like umogeleg – ikkje kan me lækja ein lam mann, og slett ikkje ta bort menneske sine synder! Men Jesus heldt fram: «Men så de skal vita at Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder – og no vender han seg til den lame – så seier eg deg: «Stå opp, ta båra di og gå!» Og med det same hende eit veldig under – den lamme reiste seg og gjekk ut for augo på alle. «Så de skal vita», sa Jesus. Underet dei såg og opplevde, skulle stadfesta noko som er endå større og viktigare: Jesus har verkeleg makt til å tilgje synder!

Eit minne frå skuletida dukkar ofte opp i samband med denne forteljinga. Ein av skulekameratane mine hadde ein tannlegespegl i penalhuset. Rett nok var skaftet knekt, men me tykte likevel det var storveges å ha noko slikt! Når me spurde kvar spegelen kom frå, fekk me til svar: Den var knabba hos tannlegen!

Så var det ein gong me hadde vore til skuletannlegen på Voss. Dei som var ferdige, sat på venterommet; sjølv var eg i tannlegestolen og skulle koma meg litt etter behandlinga. Så gjekk tannlegen inn i eit anna rom. Og med det same – utan å ha tenkt meg om, rette eg ut handa og tok – ikkje ein tannlegespegl, men ein del av bunken med serviettar som tannlegen brukte å festa kring halsen. Eg stappa dei under jakka, og sprang på dør. Vel ute på gata viste eg fangsten og rekna med vellæte. Men dei berre bles av meg – kva var no vitsen med det? Og ganske flat måtte eg stappa serviettane i næreste boskorg.

Så gjekk det mange år. Og så hende det som mange sikkert har opplevd: At noko frå fortida dukkar opp i samvitet og byrjar å murra. For meg vart det ein tanke som voks: Kunne eg ha Guds tilgjeving utan at eg gjekk til tannlegen og gjorde opp? Hadde det no vore berre denne eine tingen! Men det eine etter det andre frå fortida kom opp i minnet – gjerne det ein kalla bagatellar, men for meg var det alvor. Problemets var at eg hugsa ikkje lenger sikkert korleis ting eigentleg var. -Det vart ei bør som kunne minna om følgjande situasjon: Tenk deg at du skjer hol på ei pute og rister ut duna ein dag det er sterkt vind. Så, etter nokre timer får du beskjed om å samla inn att duna. Det er heilt umogeleg!

Eg måtte dela tankane mine med nokon. Me bad saman – og så fekk eg kvila i noko av det same som tekstordet vårt vitnar om: Menneskesonen har makt på jorda til å tilgje synder! Ikkje med eitt ord spurde han kva den lamme mannen hadde gjort, men han seier med mynde: «Son, syndene dine er tilgjevne!»

Mange gonger er det viktig og rett å gjera opp med menneske, men det er ikkje det som gjev oss tilgjeving hos Gud. Det kan me berre få ved trua på Jesus og det han har gjort for oss.

Ein prest sa det slik ein gong: »Å vera ein kristen er å eiga forlating for syndene». Så enkelt kan det seiast! Det betyr at i trua på Jesus har eg ei oppgjort fortid. Ingenting av det som ligg bak, skal møta meg igjen på dommens dag. Alt er sona og gjort opp for!

Samstundes viser det alvoret med det å ikkje vera ein kristen. Den som seier nei til Jesus og hans kall, står for Gud i all si synd. Då vil alt i livet møta ein igjen på dommens dag; stort og smått, og det vil verta til fall og fordøming.

Når me no snart skal høgtida påske, minner det oss om noko uendeleg stort; Guds varme og sterke innbyding om å gripa frelsa i Jesus: «Så elskar Gud verda, at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv».

Bli betre kjend med vår nye diakonimedarbeidar

# Anja Kristin Slåtten

- 55 år
- Bur i Skulestadmo
- Gift med Odd Martin
- Mor til 3 + 3 bonusbarn, og 2 barnebarn



Tekst: Anja Slåtten og Randi Kløve. Foto: privat

## **Fortel oss litt om oppveksten din**

Eg vaks opp på Husnes i Kvinnherad, og me flytta til Voss i 1979. Voss var ein kjend plass for familien vår då besteforeldra mine budde her, og me hadde brukt mange av feriane våre her. Å flytte til Voss var trygt og godt.

Eg dreiv med friidrett, spelte trekkspel og me var mykje ute i naturen, sommar som vinter, i oppveksten.

Eg vaks opp i ein heim der me trudde på Jesus. Familien vår gjekk ikkje ofte i kyrkja og me levde nok ikkje så tett på Gud i kvardagen, men det var naturlig at me trudde på Gud. Me gjekk på sundagsskulen då me var små, og på barneskulen var eg med i ein kristen ungdomsklubb. Då me flytta til Voss i 1979 fortsette eg ikkje i nokon kristen ungdomsklubb. Det vart heller andre vegen, og Jesus fekk ikkje plass i livet mitt lengre. Slik var det i mange år.

## **Kven var viktig for deg i barndommen og ungdomstida?**

I barndommen reiste familien min til Voss i nærmast alle sommarferiar, og mormor tok oss alltid veldig varmt og godt imot. Ho møtte oss ofte med

det velkjende forkleet knytt rundt midja, det gode smilet og vi kjende den gode vaffellukta breie seg i huset. Mormor var tryggleiken sjølv, ho tok deg på alvor, var oppteken av å lære frå seg ting. Ho var veldig mild, god og ærleg, og samstundes bestemt.

Når eg tenkjer på mormor kjem bileta på rad og rekkeje. Det gode, snille ansiktet som kikka ut kjøkenglaset og ønska oss velkommen heim når me kom frå skulen. Fleskepannekakene ho steikte etter kvart som me åt. Dei koselege samtalane rundt frukostbordet om morgonen når ho sat med kaffien og gamalosten sin. Eg minnast ho som veldig ærlig, rettferdig og ho hadde den finaste knitlande latteren. Mormor har betydd mykje for meg.

## **Kva har du jobba med tidlegare?**

Eg har aldri tidlegare jobba i kyrkja. Før eg tok utdanning og fekk born, jobba eg i resepsjonen på Hotell Vossevangen. Eg flytta så til Oslo og jobba nokre år med sal og reklame. Då eg møtte mannen min kjøpte me oss gard. Eg var heimeverande med ungane dei første åra, men då yngstemann var 3 år byrja eg på sjukepleieutdanninga, desentralisert. Eg jobba som sjukepleiar fram til eg i 2008 tok vidareutdanning i psykiske helse og rus. Etter det jobba eg



i mange år innan rus og psykiatri. Etter at me kom til Voss har eg mellom anna jobba med førebyggande psykisk helsearbeid på Voss ungdomsskule, samt vore på sjukeheim. I fjor var eg så heldig å få tilbod om jobb som diakonimedarbeidar, og eg byrja 1. november 2021. Det er eg svært takksam for. Her er ein flott stab og gode, dyktige samarbeidspartnarar.

### Kor viktig er trua for deg i kvardagen?

Den er veldig viktig. Trua mi er bærande i alt eg gjer, eg veit ikkje korleis eg skal sei det på anna måte. Eg har funne fred, sanning og rikdom i Jesus Kristus.

Eg kan ikkje forklare korleis trua blei til i mitt liv, anna enn at eg las Bibelen og kjende at sinnet mitt blei endra medan eg las, og at den kritiske røysta i meg som var der før eg byrja å lese, sakte men sikkert bleikna. Menneske kan høre den same forkynninga, og nokon reagerer med tru og andre med vantru. Kvifor det er slik veit eg ikkje, når eg søker å finne ut av det er det akkurat som eg spring etter regnbogen.

Eg går til Jesus med mine bekymringar, når eg har tunge dagar, men og i takksemrd. At Han er med meg gjev meg tryggleik og håp.

Eg hadde ei veldig spesiell oppleving for ei tid tilbake. Eg var sjuk, legane fann ikkje ut av kva det var og det var ei særskilt vanskeleg tid. Under bønn fekk eg ei spesiell oppleving då eg brått hørde ei røyst i rommet. Det kom eit bibelsk bodskap og i same augneblikk vart eg helbreda. Eg har framleis har store og små plager, men ikkje slik det var.

### Kor viktig er bønn for deg?

Bønn er for meg å få lov å komme til Jesus akkurat som den eg er. Eg få lov å komme med det eg har på hjarta. Det kan vere å takke, be om tilgjeving, eller for å be om hjelp i vanskelege situasjoner. Nokre gonger er bønn berre stillheit med Gud. Det er så godt at Han veit kva bønna handlar om før eg ber. Og eg treng berre vere meg, og vere heilt ærleg.

### Har du ein favorittsalme eller bønn som du ynskjer dele?

Eg er veldig glad i lovsong, og om eg skulle velje ein salme må det bli salme 121 i Bibelen.


Av bønner nyttar eg ofte bønna Jesus lærte oss. Men og frie bønner, og gjerne noken av dei fine bønnene bak i salmeboka.

# Me ynskjer Arja hjartelag velkommen!



## Open kyrkje kvar måndag

Foto: Sigrid Djukastein Mala



Velkommen til ei stille stund i Vangskyrkja måndagar 18-21.

Krigen i Ukraina rammer oss alle på ulikt vis. Her i kyrkja kan du søkje stillheit, trøyst, håp, tenne eit ljós, be, verte bedt for, snakke med nokon eller berre vere. Du kan komme og gå alt etter kva som kjennest rett for deg.

Aktuelle datoar: 11. april, 25. april, 2. mai, 9. mai, 16. mai, 23. mai.

# Misjonsprosjektet



## Frå Etiopia til Uganda som brødre i Kristus

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

To ungdomar frå Mekane Yesus-kyrkja i Gambela i Etiopia er reist til Uganda på disippeltrening. Dei høyrer til ulike folkegrupper og samfunnet dei lever i er djupt splitta.

Abel er 28 år og han har bachelor i leiing frå universitetet i heimbyen. Abel vaks opp i ein kristen heim, men slutta å gå i kyrkja da han vart 18. Han fortel at han brukte mykje tid på spel og å tyggja «khat». Han såg etterkvart at livet hadde tatt feil retning, og vende attende til kyrkja. Her vart han utnemd til ungdomsleiar. Han vart ein rollemodell for dei unge ved å vitna om endringa i livet sitt. Under opphaldet i Uganda, ynskjer Abel å styrka Guds-trua for å bli ein betre forkynnar.

Kim er 29 år og han vaks også opp i ein kristen heim. Som liten, var det ofte han ikkje kom seg til skulen på grunn av uro. Skulen var også ofte stengt

grunna voldshandlingar. Familien flytta difor til Gambela. Kim har bachelor i leiing og arbeider som rekneskapsfører i synoden i Gambela. Her leier han ei ungdomsgruppe og er korleiar. Han likar å syngja og forkynna evangeliet. Han likar sport, som basketball, og meiner sport kan vera ein døropnar for kontakt. Kim ser fram til kurset i Uganda og trur på vekst i møte med forskjellige ungdomar.

Abel og Kim fortel om eit Etiopia der folk ikkje snakkar med kvarandre og der det er mykje hat . Det er også umogeleg å vitja kvarandre på tvers av folkegruppene. Dette er krevjande for unge kristne avdi dei som kristne ynskjer å vera saman som sysken. Dei vonar at oppdelinga av Etiopia i etniske folkegrupper må ta slutt. Gud elskar alle menneske så kvifor kan ikkje me elska kvarandre, spør dei. Dei kjenner på desse utfordringane og håpar på ei endring.



Be om at det må bli fred i Etiopia og fred mellom dei ulike folkegruppene.

Voss kyrkjelyd støtta NMS/ Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.

Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877.




Foto: Mparany Rakotondrainy



# T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

## Kristuskransen



T<sub>10</sub>  
Voss



Bibelblomar i døypefonten




Me grep i sanden for å finna ørkenperla



Kjærleiksperla

Ein krans av perler der kvar perle har si eiga tyding. På T10 (T10/T11 for Granvin) lærer me om alle dei ulike perlene i Kristuskransen gjennom leik, undring og kjekke oppgåver. Kransen vert til slutt eit armband som barna får med seg heim. Eit armband dei kan bruka i kvardagen, som kan minne barna på dei ulike sidene ved livet, som kan vere til glede, men og til trøyst. Tilbakemeldingane etter T10 er at dette var kjempekjekt!



Alltid tid til kos på T-dagane

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

## T<sub>10</sub> Vossestrand



Astri Sudmann fortel om Kristuskransen



Aldri ein T-dag utan leik og morro



Ein krans som rommar heile livet

## T<sub>10</sub>/T<sub>11</sub> Granvin



Kva er ein prekestol, og kva vert den brukt til? Barna får sjølvsagt prøva



Bibelblomar. Blomane opnar seg når me legg dei i døypefonten. Borna får med seg eit bibelvers



Stor konsentrasjon når alle perlene skal bli til eit armband, ein Kristuskrans

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

T8

Vossestrand

# Tårnagentar



Agentar samarbeidar, lyttar, undersøker, leitar, undrar seg og kosar seg. I mars har tårnagentar frå Voss, Raundalen, Vinje, Oppheim og Evanger løyst mange mysterium. For i kyrkjene våre var dåpsfata og lysestakane borte då det skulle lagast til for gudsteneste. Godt er det då at åtteåringane kom på banen og løyste gåtene.

Camilla forstår ingenting. Agentane må hjelpa med å løysa mysteria slik at me finn koden til skattekista



T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

T8

Voss



Me fann kyrkjeskattane! Her fann me  
dåpsfatet

Oppdraaga er små og avanserte. Me høyrer om Himmelriket,  
Fleire av dei må undersøkast Gud sin store skatt  
med forstørrelsesglas

T8/T9  
Evanger



Tårnet vart  
grundig  
undersøkt. Der  
bur det  
flaggermus og 265  
edderkoppar. Det  
skremmer ikkje  
ein  
tårnagent!



Ein agent må ha eige agentbevis med fingeravtrykk

Barna må gjennom ei hinderløype for å verte  
agentar

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18



# BARNAS

## Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

## Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?  
Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Fargelegg Jesus



## Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han brukte å skru av lyset før han gjekk og la seg.

- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

T<sub>1</sub> T<sub>2</sub> T<sub>3</sub> T<sub>4</sub> T<sub>5</sub> T<sub>6</sub> T<sub>7</sub> T<sub>8</sub> T<sub>9</sub> T<sub>10</sub> T<sub>11</sub> T<sub>12</sub> T<sub>13</sub> T<sub>14</sub> T<sub>15</sub> T<sub>16</sub> T<sub>17</sub> T<sub>18</sub>

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



# Minneord

## Einar Melve

Det var med stor sorg at vi i soknerådet fekk melding om at han Einar var sjuk i haust. Vi var godt kjent med at han hadde slite med helsa ei stund, men vi trudde fullt og fast på at han ville vera tilbake på nyåret.

Slik skulle det ikkje gå. I februar kom bodskapen om at Einar hadde sovna inn. Nesten ikkje til å tru for han var jo berre unge mannen. Heile livet hadde han engasjert seg sterkt i kyrkjeleg arbeid, politikk, avis- og kommunikasjonsarbeid og ikkje minst fotballen. Voss fotballklubb der han var æresmedlem sto hjarta hans nært. Det var vel ikkje den heimekamp han forsømde.

I soknerådet fekk vi gleda av arbeidskapasiteten hans trass i skrantande helse. Han la ned eit stort arbeid i Kyrkjenytt og var der ein skatta medarbeider. På møta våre kom han alltid med gode innspel og var ein verkeleg ressursperson. Men der han verkeleg fekk bruka sitt gode hjarta, fornuft og dømmekraft var som medlem av styret i Voss barneheim. Der barn slit og har det vanskeleg var Einar klar til å ta eit tak og styre til beste for dei. Barna har mista ein god ven og støttespelar i han Einar.

No er du for alltid borte, men vi vil sakna deg og det du var for oss.

Vi lyser fred over han Einar sitt minne.

Voss sokneråd  
Bjørg Helland, leiar



# Vår grøne kyrkjelyd

Tekst: Kari Bye

**«Vår grøne kyrkjelyd ønskjer å medverke til glede, takksemd og undring over å vere ein del av skaparverket, og å forløysa engasjement og kreativitet til å ta vare på den verda Gud har gitt oss.»**

Dette er frå framsida på eit lite hefte med døme på tiltak for å ta vare på verda vår. Å vera ein grøn kyrkjelyd er konkret å ta på alvor Guds kall til å ta ansvar for skaparverket og kvarandre. Det gjeld å inspirera kvarandre til å ta vare på og visa takksemd for skaparverket. Grøne kyrkjelydar er eit landsdekkjande nettverk. Du finn det på grønnkirke.no.

Ein kan laga lister over tiltak for å endra vanane våre til eit liv som er meir berekraftig; kjøpa brukte, reparera, velja lokalprodusert og økologisk mat, brukte varer og tenester frå miljøsertifiserte leverandørar og velje miljømerkte produkt. Dette vert me minna om frå mange kantar, men ein kan ikkje alltid gjera slike val. Likevel har ein fått erfaring

med at når slike tankar festar seg i medvitet, så legg ein meir merke til dei val ein har.

Ein ting som er svært aktuelt i dag, er straumprisar, og kor mykje tilskot ein kan få så ein greier å betala for den dyre straumen no. Me har dyre vanar. Me har vore velsigna med eit landskap i landet vårt som ligg heilt til rette for kraftverk, og me har lenge hatt vanar med å ha ljós i alle rom heile tida, og elles utstyr som treng straum. Mange kjempar no mot utbygging av fossefall der me likar å gå i fjellet. Men det er ein samanheng her som ikkje kjem fram i media. I andre land har dei vanar med å slå av ljuset i tomme rom. Kva skal til for oss for å skapa ein endringsprosess slik?

Mennesket er medskapar i livet på jorda, og kan påverka kva retning ei utvikling skal ta. Når mange nok forstår det, vert det ei kjensle av fellesansvar, og endring tek til.

Snøklokker utanfor Kyrkjetunet, 9. mars 2022.

Foto: Randi Kløve



## Påskekonkurransen

Kor mange påskeegg finn du gøynd i dette bladet?

Send svaret på e-post til rk858@kyrkja.no innan 19. april.

Vinnaren får eit påskeegg!



 <p><b>VOSS SPAREBANK</b> - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn <a href="http://www.vossabanken.no">www.vossabanken.no</a> - 56 52 03 00</p>	 <p><b>myrkdalен.no</b></p>	 <p><b>Vekselbanken</b> - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 <i>- med tilbod til liten og stor</i></p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p><b>Mia gaver</b></p> <p><b>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</b></p>	<p><b>Me ordnar alt vedrørande dødsfall</b> Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p><b>VIRKE GRAVFERD</b></p>  <p><b>Vinsands GRAVFERDSBYRÅ</b></p> <p>Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67</p>	 <p><b>AZETS</b></p> <p>Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap <a href="http://visma.no/outsourcing">visma.no/outsourcing</a></p>
<p><b>O.L.KYTHE AS</b> <b>entreprenør</b></p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p><b>Voss Energi</b> <i>-rein vossakraft!</i></p>	<p><b>Pianostemmer Voss</b> På tide å stemme pianoet?</p>  <p><a href="http://pianostemmervoss.no">pianostemmervoss.no</a> Tlf. 99 43 53 36</p>
<p><b>Di annonse her?</b> Ta kontakt med Kyrkjenytt! Send ein e-post til: <a href="mailto:rk858@kyrkja.no">rk858@kyrkja.no</a> eller ring 952 06 177.</p>	<p><b>KIWI mini pris</b> Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p><b>GRAVSTEIN</b> Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p><b>STEIN &amp; MERKE</b></p> <p>Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p><b>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</b></p> <p><b>VIRKE GRAVFERD</b></p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå <a href="http://www.nordh-bb.no">www.nordh-bb.no</a></p> <p><b>Stort utvalg i blomster og gravminne!</b></p> <p>KYRKJEVENGEN 1 5911 Alversund</p> <p>FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug</p> <p>AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p><b>Me går saman med deg heile vegen</b></p>	 <p><b>Voss Blomster handel</b> Tlf 56 51 31 96</p>	<p><b>Voss Bokhandel</b></p> <p>Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din rørleggjar i sentrum</p> <p><b>Snakk med Comfort</b> Helge Nikolaisen A/S</p> <p><b>Installasjon - Service - Vedlikehald</b> Velkomen i butikken!</p> <p><b>Tlf. 56 51 26 28</b> Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p><b>BUDJENT FOR ANSATSSTØTTE</b></p> <p><b>EIK SENTERET</b></p>	<p><b>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS</b></p> <p><i>Vi ordnar alt vedrørande dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i></p> <p>Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p><b>vått&amp;vilt</b> Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding <a href="http://www.vaattogvilt.no">www.vaattogvilt.no</a> - Tlf 91374995</p>
<p><b>Di annonse her?</b> Ta kontakt med Kyrkjenytt! Send ein e-post til: <a href="mailto:rk858@kyrkja.no">rk858@kyrkja.no</a> eller ring 952 06 177.</p>	<p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	 <p>Anleggsgartner og trepleiar <b>GUNNAR LILLETHUN</b> Tlf. 901 19 315 - <a href="http://www.lillethun.no">www.lillethun.no</a></p>
<p><b>HIMM</b></p> <p>HMV Maskin EIK Senteret Voss</p> <p><b>EIK SENTERET</b></p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 30 <a href="http://hmvgruppa.no">hmvgruppa.no</a> Verkstad og dellelager</p>	<p>Kyrkjenytt for Vossabygdene 2/2022</p>



# Kyrkjelege handlingar

## DØYPTE

### Voss sokn:

30.01	Ole Bjørkevoll Gjestemoen
30.01	Solveig Lid
30.01	Herman Seim Dregelid
06.02	Jarl Håkon Klepsvik
11.02	Ellinor Hole Slettemark
20.02	Johannes Fykse Bøyum
20.02	Olav Opheim Skutle
20.02	Vilja Bjørke Midtbø - døypt i Eidfjord kyrkje
06.03	Ella Møen Aase
06.03	Aud Helland Holstad
06.03	Amalie Hellesnes – Svelgen
06.03	Vetle Tveito
13.03	Indah Andersen Sirait
12.03	Tyr Harald Meel Gjøstein
13.03	Trygve Røthe
13.03	Liam Sivertsen Øvsthus

13.03

Brage Sjurseth Bidne

### Raundalen sokn:

26.02	Joar Phontema Kolve
-------	---------------------

### Vinje sokn:

30.01	Olai Stue Sandvik - døypt i Årdal kyrkje
-------	--

### Evanger og Bolstad sokn:

30.01	Edvin Rong Langvansbråten
27.02	Amanda Velle Herfindal
13.03	Joar Kroge-Horvik
13.03	Mia Tobie Horvik Sivlesøy

### Granvin sokn:

30.01	Turid Kvitne Kvandal
-------	----------------------

## DØDE

### Voss sokn:

20.11	Aud Arnhild Furuberg, f. 1955
19.01	Dagny Myrland Haga, f. 1937
23.01	Gudrun Handegård, f. 1928
22.01	Målfrid Kløve, f. 1930
06.02	Knut Gerhardt Bye, f. 1946
10.02	Nils Graudo, f. 1932
11.02	Arthur Martin Vimo, f. 1928
15.02	Knut O. Finne, f. 1929
18.02	Einar Melve, f. 1961
18.02	Torstein Fære, f. 1936
24.02	Kirsten Træen, f. 1927
01.03	Britt Åse Farsund Skram, f. 1945
02.03	Sylvia Berit Ringheim, f. 1939
04.03	Britt Rønhovde, f. 1936
13.02	Brynjulf Krossøy, f. 1936
06.03	Wenche Inger-Marie Solheim Wiik, f. 1934

07.03

Åse Torild Eide, f. 1948

09.03 Kristi Helleve, f. 1939

10.03 Guri Kvamme Træen, f. 1946

### Oppheim sokn:

05.02	Nils Draugsvoll, f. 1927
-------	--------------------------

### Vinje Sokn:

08.01	Arne Rødseth, f. 1927
02.03	Bjørg Haga, f. 1944
06.03	Knut Vidar Dahle, f. 1958

### Granvin sokn:

31.01	Olav Lussand, f. 1925
08.02	Gunnhild Lussand, f. 1949

## DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

### Slik føregår barnedåp hjå oss:


- Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- Presten** tek kontakt for å avtale ein samtal, ofte nær dåpsdatoen.
- Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle

**velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjole hjå oss (sjå biletet). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida [www.voss.kyrkja.no/dåp](http://www.voss.kyrkja.no/dåp)



# INFORMASJON



KYRKJENytt FOR  
VOSSABYGDENE  
PB 49  
5701 VOSS



## Gudstenesteliste

### Bolstadøyri bedehus:

- 10.04 kl 1600** Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
**24.04 kl 1100** Gudsteneste. Kvamsøe.  
**17.05 kl 1030** Gudsteneste. Sandvik.

### Evanger kyrkje:

- 14.04 kl 1800** Nattverdsgudsteneste. Kvamsøe.  
**17.05 kl 1230** Gudsteneste. Sandvik.

### Granvin kyrkje:

- 14.04 kl 1100** Gudsteneste. Arvidsson.  
**15.04 kl 2000** Pasjonsgudsteneste. Haaland.  
**18.04 kl 1100** Høgtidsgudsteneste. Arvidsson.  
**29.04 kl 1800** Samtalegudsteneste. Haaland.  
**08.05 kl 1100** Konfirmasjonsgudsteneste. Haaland.  
**17.05 kl 1100** Festgudsteneste. Haaland.



### Hamlagrø bedehus:

- 17.04 kl 1100** Gudsteneste. Skjeldal.

### Oppheim kyrkje:

- 17.04 kl 1100** Høgtidsgudsteneste. Torsvik.  
**08.05 kl 1100** Gudsteneste i **Jordalen kapell**. Torsvik.  
**15.05 kl 1100** Gudsteneste. Torsvik.  
**17.05 kl 1200** Gudsteneste. Torsvik.

**Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!**



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).



### Raundalskyrkja:


- 15.04 kl 1200** Påskeandakt på **Brekkestølen**. Torsvik.  
**17.04 kl 1000** Gudsteneste i **Mjølfjell kapell**. Hellesøy.  
**14.05 kl 1100** Konfirmasjonsgudsteneste. Torsvik.  
**17.05 kl 1300** Gudsteneste. Hellesøy.

### Vangskyrkja:

- 10.04 kl 1100** Gudsteneste. Hellesøy.  
**14.04 kl 1900** Nattverdsgudsteneste. Sandvik.  
**15.04 kl 1100** Pasjonsgudsteneste. Sandvik.  
**17.04 kl 1100** Påskedagsgudsteneste. Øystese.  
**18.04 kl 1900** Ungdomsgudsteneste. Leksbø.  
**24.04 kl 1100** Gudsteneste. Øystese.  
**01.05 kl 1100** Gudsteneste. Sandvik.  
**07.05 kl 1000** Konfirmasjonsgudsteneste. Skjeldal og Hellesøy.  
**07.05 kl 1200** Konfirmasjonsgudsteneste. Skjeldal og Hellesøy.  
**08.05 kl 1000** Konfirmasjonsgudsteneste. Skjeldal og Hellesøy.  
**08.05 kl 1200** Konfirmasjonsgudsteneste. Skjeldal og Hellesøy.  
**15.05 kl 1000** Konfirmasjonsgudsteneste. Skjeldal og Hellesøy.  
**15.05 kl 1200** Konfirmasjonsgudsteneste. Skjeldal og Hellesøy.  
**17.05 kl 1100** Gudsteneste. Hellesøy.

### Vinje kyrkje:

- 14.04 kl 2000** Gudsteneste på **Helgatun**. Torsvik.  
**15.04 kl 2000** Gudsteneste - påsken i ord og tonar. Torsvik.  
**24.04 kl 1100** Gudsteneste. Torsvik.  
**17.05 kl 0945** Gudsteneste. Torsvik.



Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste! Følg med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no).

### T-dagar:

- 10. april kl 16:** T7 påskevandring for Evanger og Bolstad sokn.

### Superonsdag:

- 10. april kl 16-18**  
**11. mai kl 16-18**

### Seniortreff i Vonheim:

- 10. mai kl 12-14.**  
**14. juni kl 12-14**

Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.



## Aktivitetskalender

### Misjon og Motivasjon:

- 6. april** - påskevandring på Urdland